

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 19.oktober 2023 Kl. 17.00 – 19.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret (gamle posthuset i Sæ)
Opning:	Sigrid

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland og Dag Kjetil Læg Reid (1. vara)

Forfall: Nils Dale Elde, Egil Petterteig, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Reidun Andersen (sakshandsamar)

Andre til stades (nye soknerådsmedlemmer frå 1.nov): Runar Isdahl, Gjertrud Husøy

SAKLISTE

2023/60- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2023/61- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2023/62- 217 Kyrkjelydsleir 2024 - 2026

Kyrkjelivsutvalet legg fram ein plan for tidspunkt og stad for kyrkjelydsleir dei neste tre åra.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer årleg kyrkjelydsleir. Det er ønskjeleg at dette blir prioritert i kalenderen, for å unngå kollisjonar. Det er også ønskjeleg at stab, soknerådet og frivillige i størst mogeleg grad deltek i arbeidet.

Det er undersøkt aktuelle datoar ved Brandøy, Solgry og Stemnestaden.

Foreløpige datoar:

2024: 1.-3. nov på Solgry

2025: 24.-26. okt på Brandøy

Vidare undersøker Kirsti på fleire leirstader. Førstevalet er helger før haustferien.

2023/63- 217 Gudstenesteplan våren 2024

Gudstenesteutvalet legg fram plan for gudstenester våren 2024 med særleg vekt på dei gudstenestene ein tenkjer gjere noko spesielt ut av. Soknerådet må ha eit særleg fokus på om desse har utfordringar med annan samtidig aktivitet.

Vedtak:

Soknerådet er positive til det framlagde utkastet og ber gudstenesteutvalet ta med signala frå soknerådet i det vidare arbeidet med planen.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen
 - Mykje som skjer, med ein aktiv, fulltallig stab. Fridleif Lydersen tilsett som sokneprest i Nysæter frå 1.november.
 - Spesialpreststillinga er fortsatt under utforming, saman med resten av staben
 - Oppstart av ungdomsklubb. Solveig har fått med seg ein del frivillige.
 - Nye medarbeidarar får tenestebrev i gudstenesta 26.november
 - Korgudsteneste komande søndag
 - Noah jobbar med å få til salmekveld på puben
 - Jørgen har kontakt med Stiftelsen Leirvik Bedehus om å få til ei møtehelg 9.-11.februar med Thomas Sjödin.
- Orientering frå Fellesrådet v/ Dag
 - Økonomi: Innspel til kommunen om å redusera økonomisk underdekning i Stord samanlikna med liknande kommunar. Økonomiplan for fireårsperiodar er på trappene.
 - Vedlikehald kyrkja: Kommunen har hatt som krav at dei skal ha prosjektleiar, men har no akseptert ekstern prosjektleiar og det er teke kontakt med Akasia

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

3. Initiativ til oppstart av ungdomsklubb. Informasjon frå Solveig Høyland.
 - a. Sjå pkt 1
 - b. Oppstart etter kveldsgudsteneste 20.okt. Vidare kvar fredag fram til jul
 - c. Meint som ein treffstad (diakonalt fokus) og ikkje eit ungdomsmøte.
4. Erfaringsoverføring frå gamalt til nytt sokneråd
 - a. Evaluering av soknerådsarbeidet i perioden 2019 – 2023 og erfaringsoverføring.
Moment frå samtalen:
 - i. God start med heildagsmøte for drøfting av visjonar og ønske for perioden
 - ii. Bra med enkelte møte for drøfting, utan mykje konkrete saker
 - iii. Felles møteplassar for stab og begge råda er viktig
 - iv. Me har kome svært mykje lengre i dialog mellom råd og stab
 - v. Utfordring: Få med fleire i arbeidet, også som deltakarar
 - vi. God bemanning frå rådet i alle utvala frå starten var viktig.
 - vii. Gradvis strammare møteleiing og didiplinert sokneråd har vore viktig for å halda tidsramma i møtene.
 - viii. Sokneprest Jørgen: Dette har vore eit godt fungerande og profesjonelt sokneråd, som har gjort eit godt arbeid.
 - ix. Anders har og fått innspel frå Ingeborg som ikkje var på møtet
 - ~~b. Gjennomgang av dei ulike utvala. Kvart utval presenterer sine medlemmer og sitt aktivitetssområde nærare.~~
 - c. «Bli kjend» runde med dei nye soknerådsmedlemmene.
5. Informasjon frå komiteen for nytt kyrkjelydshus.
 - a. Kort info om arbeid i prosess.
6. Innspel til prostirådet for frivilligprisen 2023
 - a. Kom evt med innspel pr mail
7. ~~Skjermar i Stord Kyrkje? - utsett~~
8. Alle frammøtte vil delta på samlinga 2. nov. Resten bes svare per mail, og vi ber Reidun lage samla påmelding.
9. Terje Koløen i Frelsesarmeen har teke kontakt og treng hjelp til innkvartering av songarar i Reflex ifm konserten 18.november. Totalt 30 personar (innkvarterast minst 2 samla)
Sender ut mail med førespurnad.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 20.sept
2. Referat, gudstenesteutvalet, 23.sept
3. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 5.okt
4. Invitasjon til kurs for nye sokneråd
5. Brev frå prosten i Sunnhordland

Anders Dahl
soknerådsleiar

Dag Sele
referent